



UNIVERSITETET I BERGEN
Molekylærbiologisk institutt

PROTOKOLL PROGRAMSTYREMØTE

06.SEPTEMBER 2010, KL. 1215 ROM 542A2 (C-TERMINAL)

Tilstades: Hee-Chan Seo (leiar, Gr. A) Rune Male (Gr. A), Øyvind Halskau (Gr.A), Linda Hjørnevik (Gr. B), Thomas Kalvik (Gr. D), Marielle Hauge (sekretær).

SAK I: INNKALLING OG GODKJENNING AV SAKSLISTE

VEDTAK: Innkalling og saksliste vart godkjent.

SAK II: GODKJENNING AV REFERAT 23.juni 2010

Vedlegg 1: Referat frå programstyremøte 23.juni 2010

VEDTAK: Referatet vart godkjent.

SAK III: ORIENTERINGSSAKER

▪ **Mottak av nye masterstudentar i molekylærbiologi haust 2010**

Totalt 12 søkjarar takka ja til studieplass på masterprogram i molekylærbiologi. To av studentane har bedt om å utsetjing av studiestart til vår og haust 2011.

▪ **Mottak av bachelorstudentar, kull H2010**

Totalt 31 av 33 nye bachelorstudentar møtte opp på det obligatoriske programmet onsdag 18.august. To studentar møtte ikkje og har heller ikkje registrert seg, og vil derfor miste plassen på studieprogrammet. Neste program møte for kull 2010 vil bli arrangert i oktober/november 2010.

▪ **Oppnemning av arbeidsgruppe for kvalifikasjonsrammeverk og læringsutbytte**

Anders Fjose er MBI sin representant i arbeidsgruppe for kvalifikasjonsrammeverket og læringsutbytte. Det var planlagt å ha første møte rett over sommaren.

▪ **Karakternivå og læringsutbytte**

Det er avklart at ein ved utarbeiding av læringsutbytte kan halde seg til UiB sitt tidlegare vedtak om å bruke karakternivå C. Fristen for å sende inn ferdig læringsutbytte og læringsmål er midten av september 2011.

▪ **Bruk av Moodle til deleksamen i MOL100**

Studieadministrasjonen har vore i kontakt med fakultetet ved Eli Høie angående Moodle og vidare bruk av datasystemet til deleksamenar i MOL100. Eli Høie har foreslått eit møte mellom dei institutta ved UiB som brukar systemet til deleksamen. Studieadministrasjonen ved MBI har bedt om at møtet blir haldt innan fristen for studieplanendringar 1.oktober 2010.

▪ **Revisjon av bachelorprogram i biologi**

Institutt for biologi har i lengre tid jobba med ein revisjon av studieprogrammet, og det nye studieprogrammet og emna skal etter planen bli meldt inn til fristen for større studieplanendringar 1.oktober 2010. Det nye studieprogrammet vil gjelde frå studieåret 2011/2012.

Vedlegg 2: Utdanningsmelding for Institutt for biologi.

VEDTAK: Sakene blei tatt til orientering.

SAK 11/10 Mindre og større studieplanendringar

Fristen for å melde inn mindre og større studieplanendringar for høvesvis vår 2011 og studieåret 2011/2012 er 1.oktober 2010. Komiteen for gjennomgang av laboratorieemna ønskjer å opprette eit nytt valemne med avansert laboratoriearbeid på 300-talsnivå. Komiteen vil informere Institutttrådet om dette i løpet av september 2010, og det er forventa at ei eventuell oppretting av eit slikt emne vil bli meldt inn til fristen 1.oktober 2011. Oppretting av eit emne er ei større studieplanendring og vil derfor først tre i kraft det påfølgande studieåret.

Forslag til mindre studieplanendringar:

- MOL300: Det står ikkje oppført nokon forkunnskapskrav for emnet, kun at det er tilrådd med bachelorgrad eller tilsvarende omfang molekylærbiologisk kunnskap. Forkunnskapskravet bør bli endra til "bachelorgrad eller tilsvarende omfang molekylærbiologisk kunnskap".
- MOL211: Tilføyning under "Krav til forkunnskap": Emnet høver best i mastergraden, tidlegast 5. eller 6.semester av bachelorgraden.
- MOL215: Tilføyning under "Krav til forkunnskap": Emnet høver best i mastergraden, tidlegast 5. eller 6.semester av bachelorgraden.

VEDTAK: Godkjenne studieplanendringane.

SAK 12/10 Handlingsplan for arbeidet knytt til Universitetet sitt læringsmiljøutval (LMU), 2010-2013

Universitetsdirektøren ber om innspel til Handlingsplan for Læringsmiljøarbeidet (LMU-arbeidet) innan 10.september 2010. Institutt for biologi har kontakta studieavdelinga ved MBI med spørsmål om ein skal gi eit felles svar om tilbodet av lesesalsplassar på Marineholmen .

VEDTAK: Programstyret vil gi tilbakemelding på mangel på lesesalsplassar ved Marineholmen og behovet for dette. Frå og med 3.semester av bachelorgraden i molekylærbiologi har studentane mesteparten av undervisninga si på Høgteknologisenteret.

Vedlegg 3: Handlingsplan for arbeidet knytt til Universitetet sitt læringsmiljøutval (LMU)

SAK 13/10 Kvoteordninga 2011-2014

UiB skal sende inn ny søknad om kvoteplassar for 2011-2014 og institutta er bedt om å gi innspel. MBI har totalt fire kvoteplassar for perioden 2008-2011, der tre av plassane er på masternivå. Instituttet har per dags dato to kvotestudentar på masternivå, og desse skal fullføre graden vår 2011 og vår 2012.

VEDTAK: Vidareføre tre kvoteplassar for master og ein kvoteplass for PhD i perioden 2011-2014.

Vedlegg 4-6: Rundskriv frå Det Kongelege Kunnskapsdepartement, søknadsskjema kvoteordninga 2008-2011, søknadsskjema kvoteordninga 2011-2014.

Evt.

- Neste programstyremøte blir holdt måndag 8.november 2011 kl.1215-1400.

- Vurdering og undervisning i emna MOL202 og MOL216

Kari E. Fladmark har forskingsfri 2010/2011, og grunna dette vil Johan R. Lillehaug og Hee-Chan Seo vil lage eksamensoppgåver til MOL202 i september 2010 . Aurelia Lewis vil vere emneansvarleg for MOL202 vår 2011.

I MOL216 vil instituttet be Bjørn Einar Grøsvik lage eksamensoppgåver til eksamenen i september, samt vere emneansvarleg for vår 2011.

Molekylærbiologisk institutt vil diskutere vidareføring av emnet MOL216 med Institutt for biologi og moglege løysingar for dette.

- Høring: Nytt utkast til mastergradsavtale og administrative rutiner for Masterstudiet i nanovitenskap.

Studieadministrasjonen har nettopp mottatt nytt utkast til mastergradsavtale for studiet i nanovitenskap. Programstyret ved Molekylærbiologisk institutt har ingen kommentarar til utkastet.

- Utlysning av intern overgang for vår 2011 og haust 2011

Fakultetet har sendt ut brev om utlysning av studieprogram som er opne for intern overgang vår 2011 og haust 2011. Etter samtale med instituttleiar (protokoll frå 23.juli 2010) vil instituttet opne for intern overgang for studentar som er kvalifisert for MOL202.

Vedlegg

Referat 23.juni 2010

Utdanningsmelding for Institutt for biologi

Handlingsplan for arbeidet knytt til

Universitetet sitt læringsmiljøutval (LMU)

Rundskriv frå Det Kongelege Kunnskapsdepartement

Søknadsskjema kvoteordninga 2008-2011

Søknadsskjema kvoteordninga 2011-2014.

MRH 070910